

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
040/21	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	19.05.2021

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	21/1073

## Referatsaker og meldingar

### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
1	Vedtak - Byggesak - Osterøy - 119/5 Birkeland - frådeling av bebygd areal

Saksnummer	Tittel
2	Orientering om framdrift rullering KPA

"Referatsakene vert tekne til vitande."

### Plan- og kommunalteknisk utval - 040/21

#### PL - behandling:

##### RS: 2:

Plansjef Pelle Engesæter var til stades og orienterte om forslag til planprosess.

-----  
Kommunalsjefen informerte om krav til planprogrammet. Må fastsetja prinsipp og tema for rulleringa.

Øyvind Litland, AP, tok opp medverknad frå grendaråd og andre aktørar. Viktig å ha tidlege møte i bygdene. Vurdera innspel før utarbeiding av planutkast.

Kommunalsjefen, viste til at medverknad er heilt sentralt. Vil ha eige kapittel i planen om organisering gjennomføring av medverknad, jfr. eigen rettleiar for medverknad

Aksel Mjøs, H, bør ha politisk involvering i 2022 før ferdigstilling av planutkast.

Kommunalsjef en viste til at Kommunaldepartementet har gitt ut eigen rettleiar for medverknad i planlegging som kommunen vil leggja til grunn for arbeidet.

Alf T. Mortensen, FRP, påpeika at politisk nivå må få gje innspel til planprogrammet og rammenen for rulleringa. Det same også for næringsliv, innbyggjarar og andre. Treng ei god vurdering av kva

tema rulleringa skal omfatta i h.t. byggeområde, regionale og nasjonale føringar m.v.

Plansjefen viste til at ein uansett må uansett ta høgde for nasjonale føringar. Andre innspel må tilpassast desse. Viktig å definera kva planprogrammet skal omhandla.

Kommunalsjefen, viste til at kommunen har avgrensa kapasitet til planarbeidet. Næringslivet er engasjert og ønskjer å delta. Sett av ei tidsramme på ca. 2 år. Viktig å finna balansen mellom lokale ønskje og behov og nasjonale føringar for planlegginga.

Aksel Mjøs, H, viktig med struktur på medverknad. Regionale mynde kan gje innspel på formelle rammer for planarbeidet, men ikkje dei skjønsmessige vurderingane.

Øyvind Litland, AP, heile den politiske arbeidsgruppa bør delta på møtet 14. september med næringslivet.

-----  
Aksel Mjøs, H, tok opp spørsmål om ekstra møte i utvalet for ei foreløpig behandling av planprosessen.

Utvalet slutta seg til at utvalsleiar tek eit eige møte med kommunalsjef og plansjef for avklaring kring dette.

-----  
**AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**PL - vedtak:**

"Referatsakene vert tekne til vitande."

**Saksopplysningar:**